



Kapittel 8 Kapitalbehov og finansiering

Oppgåver sidene 226–228

Oppgåve 8.6

Ane Eline driv familiebedrifta Urdal AS i Sokndal. Dei har ein liten kafé og driv også catering-verksemd i Sogndalstrand. I tillegg sel dei diverse økologiske og kortreiste matprodukt.

Urdal AS har desse rekneskapstala:

Kundefordringer	kr 120 000
Bankinnskudd	kr 230 000
Skyldig merverdiavgift	kr 49 000
Leverandørgjeld	kr 257 000
Forretningsbygg	kr 4 200 000
Varelager	kr 600 000
Kassekreditt	kr 339 000
Pantelån	kr 3 100 000
Kontanter	kr 5 000
Inventar	kr 250 000
Egenkapital	kr 1 660 000

- Set opp ei oversikt over eigedelar, oppdelt i anleggsmiddel og omløpsmiddel.
- Lag ei oversikt over korleis Urdal AS har finansiert eigedelane, oppdelt i egenkapital, langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld
- Kva utgjør egenkapital i prosent?
- Kva er arbeidskapitalen i kroner?
- Kva er arbeidskapitalen i prosent av varelageret?
- Kva er likviditetsgrad 1?
- Kva er likviditetsgrad 2?

Løysingsforslag oppgåve 8.6

KAPITALBEHOV		FINANSIERING	
<i>Anleggsmidler</i>		<i>Egenkapital</i>	kr 1 660 000
Bygning	kr 4 200 000		
Inventar	kr 250 000	<i>Langsiktig gjeld</i>	
Sum anleggsmidler	kr 4 450 000	Pantelån	kr 3 100 000
<i>Omløpsmidler</i>		<i>Kortsiktig gjeld</i>	
Varelager	kr 600 000	Leverandørgjeld	kr 257 000
Kundefordringer	kr 120 000	Kassekreditt	kr 339 000
Bankinnskudd	kr 230 000	Skyldig mva.	kr 49 000
Kontanter	kr 5 000	Sum kortsiktig gjeld:	kr 645 000
Sum omløpsmidler	kr 955 000		
SUM EIENDELER	kr 5 405 000	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	kr 5 405 000

Oppgåve 8.6 - Excel-fil

- Urdal AS har kr 5 405 000 i kapitalbehov, fordelt på kr 4 450 000 i anleggsmiddel og kr 955 000 i omløpsmiddel.



b) Urdal AS har finansiert kapitalbehovet på kr 5 405 000 ved kr 1 660 000 i egenkapital, kr 3 100 000 i langsiktig gjeld og kr 645 000 i kortsiktig gjeld.

c) Formel 8.7 Eigenkapitalprosent

$$\text{Eigenkapitalandel i \%} = \frac{\text{Sum egenkapital}}{\text{Sum totalkapital}} \cdot 100 = \frac{\text{kr 1 660 000}}{\text{kr 5 405 000}} \cdot 100 = \underline{\underline{31 \%}}$$

d) Formel 8.9 Arbeidskapital

$$\text{Arbeidskapital (AK)} = \text{Omløpsmiddel (OM)} - \text{Kortsiktig gjeld (KG)} = \text{kr 955 000} - \text{kr 645 000} = \underline{\underline{\text{kr 310 000}}}$$

Formel 8.10 Arbeidskapital

$$\text{Arbeidskapital (AK)} = \text{Langsiktig kapital (EK + LG)} - \text{Anleggsmiddel (AM)} = (\text{kr 1 660 000} + \text{kr 3 100 000}) - \text{kr 4 450 000} = \underline{\underline{\text{kr 310 000}}}$$

e) Formel 8.11 Arbeidskapital i prosent av varelageret

$$\text{AK i \% av varelageret} = \frac{\text{AK}}{\text{Varelager}} \cdot 100 = \frac{\text{kr 310 000}}{\text{kr 600 000}} \cdot 100 = \underline{\underline{52 \%}}$$

f) Formel 8.12 Likviditetsgrad 1 = $\frac{\text{Omløpsmiddel}}{\text{Kortsiktig gjeld}} = \frac{\text{kr 955 000}}{\text{kr 645 000}} \cdot 100 = \underline{\underline{148 \%}}$

g) Formel 8.13 Likviditetsgrad 2 = $\frac{\text{Omløpsmiddel} - \text{Varelager}}{\text{Kortsiktig gjeld}} = \frac{\text{kr 955 000} - \text{kr 600 000}}{\text{kr 645 000}} \cdot 100 = \underline{\underline{55 \%}}$

Oppgåve 8.7

Johan Emil i Henriksens rekneskap og revisjon skal rekne ut nokre tal for kundar.

1. Karlsen AS bereknar eit varekjøp inkludert meirverdiavgift på kr 6 250 000. Alt varekjøp er på kreditt, og den gjennomsnittlege kredittida er på 30 dagar.
2. Myklebust Båtservice har ei salsinntekt på kr 4 200 000 eksklusiv meirverdiavgift. Avansen er 60 %. Gjennomsnittleg kredittid er 20 dagar. Alt varekjøp er på kreditt.
3. Idas Blomar har ei salsinntekt på kr 3 750 000 inklusiv meirverdiavgift. Bruttofortenesta er berekna til 50 %. Gjennomsnittleg kredittid er 10 dagar.
4. TR Osland storkiosk på Søyland har ei salsinntekt på kr 5 000 000 inklusiv meirverdiavgift. Avansen er berekna til 90 %. Gjennomsnittleg kredittid er 20 dagar.

Kor mykje kapital blir finansiert gjennom leverandørgjelda i dei ulike bedriftene?

Løysingsforslag oppgåve 8.7

1. Karlsen AS bereknar eit varekjøp inkludert meirverdiavgift på kr 6 250 000. Alt varekjøp er på kreditt, og den gjennomsnittlege kredittida er på 30 dagar.

$$\text{Formel 8.5} \quad \text{Omløpshastighet}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Kredittid dagar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{30 \text{ dagar}} = \underline{\underline{12}}$$



$$\text{Formel 8.6} \quad \text{Gjennomsnitt}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{\text{Kredittkjøp m. mva.}}{\text{Omløpshastighet leverandørgjeld}} = \frac{\text{kr 6 250 000}}{12} = \underline{\text{kr 520 833}}$$

2. Myklebust Båtservice har ei salsinntekt på kr 4 200 000 eksklusiv meirverdiavgift. Avansen er 60 %. Gjennomsnittleg kredittid er 20 dagar. Alt varekjøp er på kreditt.

Vi må finne varekjøpet. Vi kjenner salsinntekt u. mva. kr 4 200 000 og avanse på 60 % eller 0,6.

$$\text{Varekjøp u. mva: } \frac{\text{kr 4 200 000}}{1,6} = \underline{\text{kr 2 625 000}}$$

$$\text{Varekjøpet m. mva.: } \text{kr 2 625 000} \cdot 1,25 = \underline{\text{kr 3 281 250}}$$

$$\text{Formel 8.5} \quad \text{Omløpshastighet}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Kredittid dagar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{20 \text{ dagar}} = \underline{18}$$

$$\text{Formel 8.6} \quad \text{Gjennomsnitt}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{\text{Kredittkjøp m. mva.}}{\text{Omløpshastighet leverandørgjeld}} = \frac{\text{kr 3 281 250}}{18} = \underline{\text{kr 182 291}}$$

3. Idas Blomar har ei salsinntekt på kr 3 750 000 inklusiv meirverdiavgift. Bruttofortenesta er berekna til 50 %. Gjennomsnittleg kredittid er 10 dagar.

$$\text{Varekjøp m. mva: } \text{kr 3 750 000} \cdot (1 - 0,5) = \underline{\text{kr 1 875 000}}$$

$$\text{Formel 8.5} \quad \text{Omløpshastighet}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Kredittid dagar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{10 \text{ dagar}} = \underline{36}$$

$$\text{Formel 8.6} \quad \text{Gjennomsnitt}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{\text{Kredittkjøp m. mva.}}{\text{Omløpshastighet leverandørgjeld}} = \frac{\text{kr 1 875 000}}{36} = \underline{\text{kr 52 083}}$$

4. TR Osland storkiosk på Søyland har ei salsinntekt på kr 5 000 000 inklusiv meirverdiavgift. Avansen er berekna til 90 %. Gjennomsnittleg kredittid er 20 dagar.

$$\text{Varekjøp m. mva.: } \frac{\text{kr 5 000 000}}{(1+0,9)} = \underline{\text{kr 2 631 579}}$$

$$\text{Formel 8.5} \quad \text{Omløpshastighet}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Kredittid dagar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{20 \text{ dagar}} = \underline{18}$$

$$\text{Formel 8.6} \quad \text{Gjennomsnitt}_{\text{leverandørgjeld}} = \frac{\text{Kredittkjøp m. mva.}}{\text{Omløpshastighet leverandørgjeld}} = \frac{\text{kr 2 631 579}}{18} = \underline{\text{kr 146 199}}$$

Oppgåve 8.8

Anders tenkjer å etablere Rasmussens Fargeglede AS saman med faren sin. Dei skal innom DnB og søkje om lån, og i samband med det har dei sett opp dette kapitalbehovet og forslaget til finansiering:



KAPITALBEHOV		FINANSIERING	
Anleggsmidler:		Egenkapital:	kr 400 000
Lokaler	kr 2 200 000		
Bil	kr 400 000	Langsiktig gjeld:	
Inventar	kr 300 000	Pantelån	kr 2 200 000
Sum anleggsmidler:	kr 2 900 000		
		Kortsiktig gjeld:	
Omløpsmidler:		Leverandørgjeld	kr 350 000
Varelager	kr 700 000	Kassekreditt	kr 1 000 000
Kundefordringer	kr 300 000	Annen kortsiktig gjeld	kr 100 000
Kontanter og bankinnskudd	kr 150 000	Sum kortsiktig gjeld:	kr 1 450 000
Sum omløpsmidler:	kr 1 150 000		
SUM EIENDELER	kr 4 050 000	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	kr 4 050 000

- Set opp krav til god finansiering, og undersøk om Rasmussens Fargeglede AS oppfyller disse krava.
- Vurder og grunngi svaret banken gir på lånesøknaden.
- Set opp eit nytt forslag til finansiering der krava til god finansiering er oppfylte. Grunngi svaret.

Løysingsforslag oppgave 8.8

- Krav til god finansiering:
 - Eigenkapitalen bør vere 35 % av totalkapitalen (kapitalbehovet).
 - Langsiktig gjeld bør finansiere alle anleggsmidla, og minimum halve varelageret – helst heile. Det vil seie at arbeidskapital i prosent av varelageret helst skal vere 100 %.
 - Omløpsmidla bør vere dobbelt så store som kortsiktig gjeld. Det vil seie at likviditetsgrad 1 bør vere 200 %.
 - Likviditetsgrad 2 bør vere 100 %. Det vil seie at omløpsmidla bortsett frå varelageret skal vere like store som kortsiktig gjeld.

KAPITALBEHOV		FINANSIERING	
Anleggsmidler		Egenkapital	kr 400 000
Lokaler	kr 2 200 000		
Bil	kr 400 000	Langsiktig gjeld	
Inventar	kr 300 000	Pantelån	kr 2 200 000
Sum anleggsmidler	kr 2 900 000		
		Kortsiktig gjeld	
Omløpsmidler		Leverandørgjeld	kr 350 000
Varelager	kr 700 000	Kassekreditt	kr 1 000 000
Kundefordringer	kr 300 000	Annen kortsiktig gjeld	kr 100 000
Kontanter og bankinnskudd	kr 150 000	Sum kortsiktig gjeld	kr 1 450 000
Sum omløpsmidler	kr 1 150 000		
SUM EIENDELER	kr 4 050 000	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	kr 4 050 000

KRAV:	HER:	Formel:
Krav EK % 35	10 %	EK kr 400 000 / totalkapital kr 4 050 000
Krav til LIKVG 1 = 2 (200%)	79 %	Omløpsmidler / kortsiktig gjeld
Krav til LIKVG 2 = 1 (100 %)	31 %	(Omløpsmidler - varelager) / kortsiktig gjeld
Arbeidskapital	-kr 300 000	Omløpsmidler - Kortsiktig gjeld
	-kr 300 000	Langsiktig kapital - anleggsmidler
Arbeidskapital % (minst 50 % helst 100%)	-43 %	Arbeidskapital / varelager

Oppgave 8.8 - Excel-fil

Rasmussens Fargeglede AS oppfyller ingen av krava til god finansiering.



b) Eg vil tru at banken avslår lånesøknaden for kassekreditt sidan risikoen er for stor, og fordi finansieringa er såpass svak. Langsiktig lån med pant i anleggsmiddel kan bli godkjent. Lånet er på kr 2 200 000 : verdi anleggsmiddel kr 2 900 000 = 0,7586, altså om lag 76 %. Men alt sett under eitt reknar eg med at banken avslår begge lånesøknadene og ber Anders komme attende med ein ny finansieringsplan.

c) Set opp eit nytt forslag til finansiering der krava til god finansiering er oppfylte.

Eg føreslår desse to alternativa:

ALTERNATIV 1

Eigenkapital på 35 % av kapitalbehovet = kr 4 050 000 · 0,35 = kr 1 417 500

Dersom Rasmussen ikkje har denne eigenkapitalen, kan Anders og faren hans få med medeigarar i forretninga som kan tilføre eigenkapital. Eller dei kan vurdere å låne pengar privat med til dømes pant i eigen bustad og bruke dei til eigenkapital i bedrifta.

Eg vil ta bort kassekreditten sidan det er eit dyrt lån med høg rente. Eg går ut frå at det ikkje er rabatt ved å betale leverandørgjeld tidlegare. Anna kortsiktig gjeld reknar eg med er skuldig mva., arbeidsgivaravgift og ferielønn som er rentefritt. For å få like beløp på begge sider har eg redusert leverandørgjelda.

KAPITALBEHOV		FINANSIERING	
<i>Anleggsmidler</i>		<i>Eigenkapital</i>	kr 1 417 500
Lokaler	kr 2 200 000		
Bil	kr 400 000	<i>Langsiktig gjeld</i>	
Inventar	kr 300 000	Pantelån	kr 2 200 000
Sum anleggsmidler	kr 2 900 000		
		<i>Kortsiktig gjeld</i>	
<i>Omløpsmidler</i>		Leverandørgjeld	kr 332 500
Varelager	kr 700 000	Kassekreditt	kr -
Kundefordringer	kr 300 000	Annen kortsiktig gjeld	kr 100 000
Konter og bankinnskudd	kr 150 000	Sum kortsiktig gjeld	kr 432 500
Sum omløpsmidler	kr 1 150 000		
SUM EIENDELER	kr 4 050 000	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	kr 4 050 000

KRAV:	HER:	Formel:
Krav EK % 35	35 %	EK / totalkapital
Krav til LIKVG 1 = 2 (200%)	266 %	Omløpsmidler / kortsiktig gjeld
Krav til LIKVG 2 = 1 (100 %)	104 %	(Omløpsmidler - varelager) / kortsiktig gjeld
Arbeidskapital	kr 717 500	Omløpsmidler - Kortsiktig gjeld
	kr 717 500	Langsiktig kapital - anleggsmidler
Arbeidskapital % (minst 50 % helst 100%)	103 %	Arbeidskapital / varelager

ALTERNATIV 2

Alternativet er å redusere kapitalbehovet. Dei kan til dømes lease bil og inngå faktoringavtale på kundefordringane. Eventuelt kan dei kjøpe rimelegare bil og inventar og leige forretningslokale. Å redusere varelageret noko er også eit alternativ for å få ned kapitalbehovet.



I dette alternativet har eg valt leasing for bil og inventar. Samstundes har eg auka behov for bankinnskott og kontantar sidan ein skal betale leige (leasingutgifter). Eg har valt å redusere varelageret til kr 500 000. I tillegg har eg rekna med faktoring for kundefordringane og auka bankinnskott og kontantar sidan ein ikkje får inn heile beløpet ved å velje faktoring. Da er kapitalbehovet kr 2 900 000.

Vidare har eg valt 35 % eigenkapitalfinansiering og går ut frå at banken gir langsiktig lån på 80 % av verdien til bygningen. Resten av kapitalbehovet har eg valt å finansiere med kortsiktig gjeld. Her har eg sett dette opp som leverandørgjeld på kr 125 000.

KAPITALBEHOV		FINANSIERING	
Anleggsmidler		Egenkapital	kr 1 015 000
Lokaler	kr 2 200 000		
Bil	kr -	Langsiktig gjeld	
Inventar	kr -	Pantelån	kr 1 760 000
Sum anleggsmidler	kr 2 200 000		
		Kortsiktig gjeld	
Omløpsmidler		Leverandørgjeld	kr 125 000
Varelager	kr 500 000	Kassekreditt	kr -
Kundefordringer	kr -	Annen kortsiktig gjeld	kr -
Kontanter og bankinnskudd	kr 200 000	Sum kortsiktig gjeld	kr 125 000
Sum omløpsmidler	kr 700 000		
SUM EIENDELER	kr 2 900 000	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	kr 2 900 000

KRAV:	HER:	Formel:
Krav EK % 35	35 %	EK / totalkapital
Krav til LIKVG 1 = 2 (200%)	560 %	Omløpsmidler / kortsiktig gjeld
Krav til LIKVG 2 = 1 (100%)	160 %	(Omløpsmidler - varelager) / kortsiktig gjeld
Arbeidskapital	kr 575 000	Omløpsmidler - Kortsiktig gjeld
	kr 575 000	Langsiktig kapital - anleggsmidler
Arbeidskapital % (minst 50 % helst 100%)	115 %	Arbeidskapital / varelager

Begge desse alternativa oppfyller alle krav til god finansiering. Her finst det fleire løysingar, slik at føresetnader og grunngiving er viktig.

Oppgåve 8.9

Bedrifta KK Karlsen AS som sel kjøkkenutstyr vidare, planlegg å utvide vareutvalet sitt med innovative sjølvvatningspotter. I samband med det har innehavaren Monika gjort desse overslaga:

- Salet av det nye produktet er sett til kr 2 100 000 eksklusiv meirverdiavgift per år.
- Alt varekjøp er per 30 dagar kreditt.
- Avansen er sett til 40 %.
- Lagringstida er på 40 dagar.
- Kredittid til kundar er 30 dagar.
- 50 % av varesalet er kredittsal.
- Auke av likvide midlar er kr 75 000.



- Inventar og utstyr er sett til kr 200 000.

Bedrifta har desse måla for finansieringa:

- Eigenkapitalprosent 42 %.
- Heile varelageret skal vere langsiktig finansierte.

a) Rekn ut kapitalbehovet bedrifta har.

b) Føreslå ein finansieringsplan som tilfredsstiller måla bedrifta har for finansieringa.

Løysingsforslag oppgåve 8.9

a) Kapitalbehov

Inndata for beregning av kapitalbehov		Forventet omsetning (salg) ekskl mva:	2 100 000
eggsmidler (bygninger, maskiner, biler mv):	200 000	Beregnet inntakskost/varekostnad:	1 500 000
Betalingsmidler (likviditet):	75 000	Manuell reg. av inntakskost/varek.: Andel kredittsalg:	50,0 %
Gjennomsnittlig lagringstid varelager:	40 dg	Andel kredittkjøp:	100,0 %
Gjennomsnittlig kredittid til kundene:	30 dg	Mva-%:	25 %
Dekningsgrad/bruttofortjeneste:		Avrunding til nærmeste (velg tall):	1
Avanse:	40 %	Antall dager per år:	360 dg

Kapitalbehov	Kroner	% - andel
<i>Anleggsmidler:</i>		
Anleggsmidler (bygninger, maskiner, biler mv):	200 000	36,3 %
Sum anleggsmidler	200 000	36,3 %
<i>Omløpsmidler:</i>		
Betalingsmidler (likviditet):	75 000	13,6 %
Varelager	1500000*40/360	166 667 30,2 %
Kundefordringer	2100000*0,50*30/360*1,25	109 375 19,8 %
Sum omløpsmidler:	351 042	63,7 %
Sum kapitalbehov	551 042	100,0 %

Bedrifta har eit kapitalbehov på kr 551 042.

Oppgåve 8.9 modell - Excel-fil

b) Krava bedrifta har til finansiering:

1. Eigenkapitalen bør vere 42 % av totalkapitalen (kapitalbehovet).
2. Langsiktig gjeld bør finansiere alle anleggsmidla, og heile varelageret. Det vil seie at arbeidskapitalen i % av varelageret skal vere 100 %.

I tillegg er det ønskjeleg at desse krava er oppfylte:

3. Omløpsmidla bør vere dobbelt så store som kortsiktig gjeld. Det vil seie at likviditetsgrad 1 bør vere 200 %.
4. Likviditetsgrad 2 bør vere 100 %. Det vil seie at omløpsmidla bortsett frå varelageret skal vere like store som kortsiktig gjeld.



Inndata for oppsett av finansieringsplan

tid varekjøp (finansiering leverandørkreditt):

Alt. 1: Manuell registrering av EK, lån og kreditter

	Kr	%
Finansiering med egenkapital:		
finansiering med langsiktige lån og kreditter:		
ng med andre typer kortsiktige lån/kreditter:		

Alt. 2: Finansieringsplan ut fra generelle krav til god finansiering

100 % av anleggsmidlene + av varelageret skal finansieres med langsiktig
Egenkapitalen skal dekke av kapitalbehovet

Vi får da dette forslaget til finansiering:

Finansieringsplan		Kroner	% - andel
<i>Langsiktig kapital:</i>			
Egenkapital		231 438	42,0 %
Langsiktige lån og kreditter		135 229	24,5 %
<i>Sum langsiktig finansiering</i>		366 667	66,5 %
<i>Kortsiktig kapital:</i>			
Leverandørkreditt	1500000*1,00*30/360*1,25	156 250	28,4 %
Andre typer kortsiktige lån/kreditter		28 125	5,1 %
<i>Sum kortsiktig finansiering</i>		184 375	33,5 %
<i>Sum finansiering</i>		551 042	100,0 %

Nøkkeltall finansiering			
Likviditet	Finansiering		
Likviditetsgrad 1	190,4 %	Arbeidskapital i kr	166 667
Likviditetsgrad 2	100,0 %	Arbeidskapital i % av varelager	100,0 %
		Langsiktig kap/(anl.midl+1/2 varel.)	129,4 %
		Egenkapitalprosent	42,0 %

Ved den foreslåtte finansieringa oppfyller KK Karlsen alle krav til finansiering. Det einaste som ikkje er oppfylt, er likviditetsgrad 1 som helst skal vere 200 %. Her er han på 190,4 %. Eg meiner han er god nok da han er nær kravet til 200 % og er over gjennomsnittet i norske bedrifter som ligg på om lag 140 %.

Dersom kravet til likviditetsgrad 1 skal oppfyllest, foreslår eg å auke langsiktig finansiering opp mot 60 % av verdien av anleggsmidla $kr\ 200\ 000 \cdot 0,6 = kr\ 160\ 000$, og redusere kortsiktig gjeld tilsvarande. Vi får da denne finansieringa:

Inndata for oppsett av finansieringsplan

tid varekjøp (finansiering leverandørkreditt):

Alt. 1: Manuell registrering av EK, lån og kreditter

	Kr	%
Finansiering med egenkapital:		42 %
finansiering med langsiktige lån og kreditter:	160 000	
ng med andre typer kortsiktige lån/kreditter:	3 354	

Alt. 2: Finansieringsplan ut fra generelle krav til god finansiering

100 % av anleggsmidlene + av varelageret skal finansieres med langsiktig
Egenkapitalen skal dekke av kapitalbehovet



Finansierungsplan		Kroner	% - andel
<i>Langsiktig kapital:</i>			
Egenkapital		231 438	42,0 %
Langsiktige lån og kreditter		160 000	29,0 %
Sum langsiktig finansiering		391 438	71,0 %
<i>Kortsiktig kapital:</i>			
Leverandørkreditt	$1500000 \cdot 1,00 \cdot 30 / 360 \cdot 1,25$	156 250	28,4 %
Andre typer kortsiktige lån/kreditter		3 354	0,6 %
Sum kortsiktig finansiering		159 604	29,0 %
Sum finansiering		551 042	100,0 %

Nøkkeltall finansiering			
Likviditet		Finansiering	
Likviditetsgrad 1	219,9 %	Arbeidskapital i kr	191 438
Likviditetsgrad 2	115,5 %	Arbeidskapital i % av varelager	114,9 %
		Langsiktig kap/(anl.midl+ 1/2 varel.)	138,2 %
		Egenkapitalprosent	42,0 %

Oppgave 8.9 alt. 2 modell- Excel-fil

Oppgave 8.10

Ida skal starte opp bedrifta Mislitz AS. Bedrifta skal drive med import av varer frå Polen som skal seljast vidare i Noreg.

Ho har kjøpt eit forretningsbygg til kr 3 600 000, i tillegg treng ho inventar og utstyr til ein sum av kr 1 000 000. Ho treng også to varebilar som kostar kr 350 000 per bil. Ida har rekna ut at ho treng kr 100 000 i likvide midlar.

Ida har gjort diverse undersøkingar og komme fram til at omsetninga vil vere kr 2 000 000 utan meirverdiavgift per år. Avansen har ho sett til i gjennomsnitt 40 %. Gjennomsnittleg lagringstid for varelageret reknar ho med vil vere 30 dagar. Ho kjøper alle varene sine på kreditt med ei kredittid til leverandørar på 30 dagar. Ida går også ut frå at 80 % av varesalet vil vere på kreditt, og kredittida til kundar reknar ho med vil vere 50 dagar.

- Rekn ut kapitalbehovet til Mislitz AS.
- Set opp eit grunnlagt forslag til finansiering.
- Ved nærmare vurdering har Ida komme fram til at 50 dagars kredittid til kundar er i meste laget, og ho vil redusere denne tida til 30 dagar. Ho vil også prøve å auke kredittida frå leverandørar til 40 dagar og samstundes redusere lagringstida til varelageret til 10 dagar. Kva innverknad får desse nye føresetnadene for kapitalbehovet og finansieringa?

Løysingsforslag oppgave 8.10

Sortering av opplysningar:

Bygning	kr 3 600 000
Varebilar	kr 700 000 (NB to stk. á 350 000)
Inventar og utstyr	kr 1 000 000



Sum anleggsmiddel	kr 5 300 000
Likvide midlar	kr 100 000
Omsetning	kr 2 000 000 (u. mva.)
Avanse	40 %
Gj.sn. lagringstid	30 dagar
Kredittkjøp	100 %
Kredittid leverandørar	30 dagar
Kredittsal	80 %
Kredittid kundar	50 dagar

a) Kapitalbehovet

Vi legg dette inn i modellen:

Inndata for beregning av kapitalbehov		Forventet omsetning (salg) ekskl mva:	2 000 000
Anleggsmidler (bygninger, maskiner, biler mv):	5 300 000	Beregnet inntakskost/varekostnad:	1 428 571
Betalingsmidler (likviditet):	100 000	Manuell reg. av inntakskost/varek.:	
Gjennomsnittlig lagringstid varelager:	30 dg	Andel kredittsalg:	80,0 %
Gjennomsnittlig kredittid til kundene:	50 dg	Andel kredittkjøp:	100,0 %
Dekningsgrad/bruttofortjeneste:		Mva-%:	25 %
Avanse:	40 %	Avrunding til nærmeste (velg tall):	1 kr
		Antall dager per år:	360 dg
Inndata for oppsett av finansierungsplan			
Kredittid varekjøp (finansiering leverandørkreditt):	30 dg	Beregning av effektiv rente ved	

Vi får dette kapitalbehovet:

Oppgave 8.10 modell- Excel-fil

Kapitalbehov	Kroner	% - andel
Anleggsmidler:		
Anleggsmidler (bygninger, maskiner, biler mv):	5 300 000	91,4 %
Sum anleggsmidler	5 300 000	91,4 %
Omløpsmidler:		
Betalingsmidler (likviditet):	100 000	1,7 %
Varelager	1428571*30/360	119 048 2,1 %
Kundefordringer	2000000*0,80*50/360*1,25	277 778 4,8 %
Sum omløpsmidler:	496 826	8,6 %
Sum kapitalbehov	5 796 826	100,0 %

b) Finansiering

Krav til god finansiering er:

- 1) Eigenkapital 35 %
- 2) Langsiktig kapital skal dekkje alle anleggsmidla og helst 100 % av varelageret – minst 50 %.
- 3) Omløpsmidla bør vere dobbelt så store som kortsiktig gjeld. Det vil seie at likviditetsgrad 1 er 200 %, og likviditetsgrad 2 bør vere 100 %.



Vi legg dette inn i modellen:

Alt. 2: Finansierungsplan ut fra generelle krav til god finansiering

100 % av anleggsmidlene +	%	av varelageret skal finansieres med langsiktig kapital
Egenkapitalen skal dekke	100 % 35 %	av kapitalbehovet

Vi får denne finansieringa:

Finansierungsplan	Kroner	% - andel
<i>Langsiktig kapital:</i>		
Egenkapital	2 028 889	35,0 %
Langsiktige lån og kreditter	3 390 159	58,5 %
<i>Sum langsiktig finansiering</i>	<i>5 419 048</i>	<i>93,5 %</i>
<i>Kortsiktig kapital:</i>		
Leverandørkreditt 1428571*1,00*30/360*1,25	148 810	2,6 %
Andre typer kortsiktige lån/kreditter	228 968	3,9 %
<i>Sum kortsiktig finansiering</i>	<i>377 778</i>	<i>6,5 %</i>
Sum finansiering	5 796 826	100,0 %

Her ser vi at krava om egenkapitalprosent, langsiktig finansiering av anleggsmiddel og varelager er oppfylte. Likviditetsgrad 1 er for låg, mens likviditetsgrad 2 er oppfylt.

Nøkkeltall finansiering

Likviditet	Finansiering
Likviditetsgrad 1 131,5 %	Arbeidskapital i kr 119 048
Likviditetsgrad 2 100,0 %	Arbeidskapital i % av varelager 100,0 %
	Langsiktig kap/(anl.midl+1/2 varel.) 101,1 %
	Egenkapitalprosent 35,0 %

c) Endra føresetnader:

Lagringstid	10 dagar
Kredittid frå leverandørar	40 dagar
Kredittid til kundar	30 dagar

Vi legg desse endringane inn i modellen:

Inndata for beregning av kapitalbehov	
Anleggsmidler (bygninger, maskiner, biler mv):	5 300 000
Betalingsmidler (likviditet):	100 000
Gjennomsnittlig lagringstid varelager:	10 dg
Gjennomsnittlig kredittid til kundene:	30 dg
Dekningsgrad/bruttofortjeneste:	
Avanse:	40 %
Inndata for oppsett av finansierungsplan	
Kredittid varekjøp (finansiering leverandørkreditt):	40 dg

Oppgave 8.10 c) modell- Excel-fil



Vi får da dette nye kapitalbehovet:

Kapitalbehov		Kroner	% - andel
<i>Anleggsmidler:</i>			
Anleggsmidler (bygninger, maskiner, biler mv):		5 300 000	94,5 %
Sum anleggsmidler		5 300 000	94,5 %
<i>Omløpsmidler:</i>			
Betalingsmidler (likviditet):		100 000	1,8 %
Varelager	1428571*10/360	39 683	0,7 %
Kundefordringer	2000000*0,80*30/360*1,25	166 667	3,0 %
Sum omløpsmidler:		306 350	5,5 %
Sum kapitalbehov		5 606 350	100,0 %

Kapitalbehovet blir redusert med kr 190 476.

Vi set same krav til finansiering og får denne finansieringsplanen:

Finansieringsplan		Kroner	% - andel
<i>Langsiktig kapital:</i>			
Egenkapital		1 962 223	35,0 %
Langsiktige lån og kreditter		3 377 461	60,2 %
Sum langsiktig finansiering		5 339 683	95,2 %
<i>Kortsiktig kapital:</i>			
Leverandørkreditt	1428571*1,00*40/360*1,25	198 413	3,5 %
Andre typer kortsiktige lån/kreditter		68 254	1,2 %
Sum kortsiktig finansiering		266 667	4,8 %
Sum finansiering		5 606 350	100,0 %

Vi får da desse nøkkeltala:

Nøkkeltall finansiering			
Likviditet		Finansiering	
Likviditetsgrad 1	114,9 %	Arbeidskapital i kr	39 683
Likviditetsgrad 2	100,0 %	Arbeidskapital i % av varelager	100,0 %
		Langsiktig kap/(anl.midl+1/2 varel.)	100,4 %
		Egenkapitalprosent	35,0 %

Her ser vi at krava er oppfylte som sist, bortsett frå likviditetsgrad 1. Når lagringstida går ned, blir varelageret redusert, og det er positivt. Når kredittida til leverandørar aukar, betrar dette likviditeten – men aukar leverandørgjelda forholdsmessig. Når kredittida til kundane blir redusert, blir også kundefordringane reduserte.

Grunnen til at likviditetsgrad 1 ikkje betrar seg slik vi ønskjer, er at vi reduserer omløpsmidla, men reduserer ikkje kortsiktig gjeld i tilsvarende grad sidan kredittida til leverandørar aukar. For å få dei ønskte 200 % i likviditetsgrad 1 kan den langsiktige gjelda eller eigenkapitalen aukast og den kortsiktige gjelda reduserast.



Langsiktig gjeld er her i underkant av 64 % av verdien av anleggsmidla, slik at det bør vere mogleg å auke dette noko. Ein kan også auke kravet til eigenkapital til 40 % til dømes. Her finst det fleire variantar.